

Referat styremøte Øystese Fotball

Dato: 1.juni 2016, 19:00

Til stades: Ola Fjerdings, Martin Lunestad, Lene Huun, Roger Vassnes, Erling Ola Fykse og Camilla Fykse

Referent: Camilla Fykse

Sak 1: Øystese Cup 27-29.mai 2016

Årets Øystese cup vore vellukka med kring 1000 spelarar og 130 lag i aksjon. Tilreisande lag overnatta på barneskulen og ungdomsskulen, her var det sprengt kapasitet. Skal cupen utvidast er det moglegheit for å nytte Gymnaset. Kampene vart spela på totalt 7 banar. Ved behov er det mogleg å nytte Mikkjelsflaten ellar utvide tidspunktet for cupen. Dugnadsfolka har gjort ein framifrå innsats både før, under og etter cupen. Dei fleste møtte opp på sin post, størst problem var det på dommarposten der nokon meldte avbod i siste liten/ ikkje møtte. Til neste år må ein ha to vaktar på trafikkposten ved overgangen til hotellet. Tilbakemeldinga frå laga er gode, og dei ynskjer seg tilbake til neste år. Det vart etterlyst litt meir opplegg under premieutdelinga, samt speaker under andeløpet. Isposar må vere tilgjengelig heile tida og ikkje låst inne i skap. Økonomital vert vist fram på neste styremøte.

Organisering framover: Målet er å lage ei arbeidsgruppe som skal jobbe med Øystese cupen. Jobben startar i haust

Sak 2 og 3: Tilsetting og fritidsordning

Øystese IL har kome med innspel til innhald i stillingsbeskriving for dagleg leiar i fritidsordninga Øystese Fotball:

Ansvar og oppgåver:

- Overordna helse-, miljø- og sikkerheitsarbeid (HMS) i fritidsordninga
- Personalansvar for tilsette i fritidsordninga
- Ansvar for at rutinar i styringssystemet vert følgde
- Medverke saman med styret i fotballgruppa til å utvikle styringssystemet
- Foreldrekontakt
- Forvalte budsjett og medverke til utarbeiding av budsjett saman med styret i fotballgruppa

Når det gjeld organisering som ligg under fotballgruppa, set ikkje hovudlaget andre føringar enn at fritidsordninga skal rapporterer direkte til styret i fotballgruppa og at stillinga som dagleg leiar skal vere min 60%. Anna organisering i fotballen er styret i fotballgruppa sitt ansvar.

Oversikt IFO/ FFO skuleåret 2016/2017

Vekedag	Tal ungar IFO/FFO	Forslag bemanning
Måndag	44	5
Tysdag	45	5
Onsdag	37	4/5
Torsdag	48	5
Fredag	29	3/4

Det vart på møtet satt ned ei arbeidsgruppe som skal jobbe med ein arbeidsoversikt for Øystese Fotball.

Øystese Fotball har ein avtale med Gymnaset om å fortsette med samarbeidet også neste år, sjølv om 2000 kullet er lite og har få fotballspelarar.

Sak 4: Lotteri

Ola la fram eit forslag til korleis Øystese Fotball kan arrangere eit eige lotteri og styret gav han godkjenning til å jobbe vidare med dette. Lodda skal være klare og levert ut til spelarane før sommaren.

Sak 5: Personalsak

Neste møte vert **måndag 8.august klokka 18.00.**